

Læreplan i reinhaldsoperatørfaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 4. februar 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Reinhaldsoperatørfaget handlar om reinhald av bygg, anlegg, installasjonar og transportmiddel. Faget skal gjere lærlingane i stand til å forvalte, drifte og halde ved like serviceleveransar knytte til reinhald. Faget handlar om å sikre det indre og ytre miljøet gjennom å velje og bruke reinhaldsmaskiner, utstyr, metodar og kjemikalium på ein berekraftig måte. Faget handlar vidare om å vareta hygieniske og estetiske krav til bygg, anlegg og transportmiddel. Reinhaldsoperatørfaget bidreg til samfunnet gjennom å utdanne yrkesutøvere som kan halde bygg, anlegg, installasjonar og transportmiddel reine og å halde dei ved like for å minimere miljøavtrykket og sikre livssyklusen til overflatene.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Reinhaldsoperatørfaget skal bidra til engasjement når lærlingane utøvar kundebehandling og serviceleveransar knytte til reinhald i bygg, anlegg, installasjonar og transportmiddel. Etisk medvit blir fremja gjennom refleksjon over korleis valet av materiale, utstyr og metodar kan påverke miljø og effektiv utnytting av ressursane. Faget skal bidra til å gje kunnskap om pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren og om trepartssamarbeidet, der arbeidsgivaren, arbeidstakaren og myndigheitene jobbar saman for å utvikle eit betre arbeidsliv. Forståing av verdien av kulturelt mangfald i bygg- og anleggsbransjen blir fremja gjennom at lærlingane er i dialog om og reflekterer over krav og forventningar til eit likeverdig og inkluderande yrkesfellesskap.

Kjerneelement

Reinhaldsplanlegging

Kjerneelementet reinhaldsplanlegging handlar om å bruke ulike planleggingssystem i bygg, anlegg, installasjonar og transportmiddel. Kjerneelementet handlar om å analysere reinhaldsbehov, planleggje kostnadseffektivt reinhald og dokumentere det utførte arbeidet. Vidare handlar reinhaldsplanlegging om å vurdere eigenskapar, tilstandar og bruksområde for overflater og reinhaldsobjekt. Kjerneelementet handlar òg om å sikre dei kritiske suksessfaktorane i reinhaldsleveransen og tilfredsstillende krava i ein tenestenivåavtale.

Reinhald

Kjerneelementet reinhald handlar om å halde overflater reine og sikre livssyklusen til overflatene i samsvar med gitte kvalitetskriterium.

Kjerneelementet handlar om regelmessig reinhald, periodisk reinhald og spesialreinhald i ulike typar bygg, anlegg, installasjonar og transportmiddel. Å kritisk vurdere det gjennomførte arbeidet og kvalitetssikre reinhaldsleveransen er òg ein del av kjerneelementet.

Helse, miljø og sikkerheit

Kjerneelementet helse, miljø og sikkerheit handlar om å identifisere og forhindre situasjonar som utgjer ein fare for liv og helse i reinhald av bygg, anlegg, installasjonar og transportmiddel. Det inneber òg å risikovurdere arbeidet i samsvar med gjeldande regelverk og gjennomføre sikker jobb-analyse. Vidare handlar kjerneelementet om å bruke utstyr og maskiner i samsvar med gjeldande regelverk og å arbeide i samsvar med gjeldande system og tiltaksplan for helse, miljø og sikkerheit. Kollegialt samarbeid om berekraftige og miljøvennlege løysingar er òg ein del av kjerneelementet.

Tverrfaglege tema

Berekraftig utvikling

I reinhaldsoperatørfaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å velje reinhaldsprodukt, maskiner og utstyr som gir kostnadseffektivt reinhald og minimerer miljøavtrykket. Faget handlar om å utvikle forståing av dei økonomiske, miljømessige og sosiale dimensjonane knytte til berekraftig utvikling gjennom ei kritisk vurdering av kjemikalium, utstyr og arbeidsmetodar.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i reinhaldsoperatørfaget inneber å lytte til og gi respons i spontan og førebudd samtale. Det inneber å bruke fagterminologi i kommunikasjon med andre og reflektere over og drøfte moglege val og løysingar, og å tilpasse kommunikasjonen til mottakar og formål.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i reinhaldsoperatørfaget inneber å bruke fagterminologi til å utforme tekstar tilpassa mottakar og formål. Det inneber å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar, og å rapportere og dokumentere arbeid.

Å kunne lese

Å kunne lese i reinhaldsoperatørfaget inneber å finne og vurdere informasjon i ulike tekstar, arbeidsbeskrivingar, teikningar, brukarretteleingar og regelverk.

Det inneber òg å samanlikne og tolke informasjon og trekkje faglege slutningar ut frå kjent og ukjent fagstoff.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i reinhaldsoperatørfaget inneber å hente ut, beskrive og tolke informasjon frå talmateriale. Det inneber òg å rekne ut lengd, areal og volum i samband med arbeidsoperasjonen. Vidare inneber det å gjere økonomiske utrekningar i samband med drift og pristilbod.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i reinhaldsoperatørfaget inneber å bruke digitale ressursar til å planleggje og produsere, rapportere, dokumentere og kommunisere. Vidare inneber digitale ferdigheiter å søkje etter og innhente informasjon og vurdere kor truverdig informasjonen er. Det inneber òg å vurdere og reflektere over si eiga rolle på nettet og utøve god digital dømmekraft.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering reinhaldsoperatørfaget

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje reinhald av bygg, anlegg, installasjonar og transportmiddel arbeidet etter teikningar og beskrivingar ved bruk av ulike planleggingsverktøy, arbeide i samsvar med gjeldande krav til helse, miljø og sikkerheit og reflektere over konsekvensane ved å ikkje følgje krava
- utarbeide arbeidsplaner, bestille og motta utstyr og kjemikalie og kontrollere kvalitet og mengde i tråd med arbeidsoppgåva
- risikovurdere metodar, kjemikalium og utstyr, gjere greie for korleis arbeidsoppgåvane påverkar kostnadseffektivitet, materiale og ytre miljø, og reflektere over feilhandtering
- gjennomføre ein sikker jobbanalyse, rapportere om uønskte hendingar og halde ved like maskiner og utstyr
- gjere greie for og nytte kvalitetssikringssystem, arbeide etter fastsette kvalitetskrav og dokumentere ðeige arbeid
- fastsettje og bedøme reinhaldskvalitet i tråd med gjeldande standarder og kvalitetssystem
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i reinhaldsoperatørfaget, og gjere greie for kva plikter og rettar

arbeidsgivaren og arbeidstakaren har, og reflektere over krav og forventingar som blir stilte til eit likeverdige og inkluderande yrkesfellesskap

- kjeldesortere og handtere avfall etter gjeldande regelverk, handtere helsefarlege kjemikalium og spesialavfall og reflektere over konsekvensane av feilhandtering
- arbeide i tråd med ergonomiske prinsipp og reflektere over konsekvensane av arbeidsbelastningar og skadeforebyggjande tiltak
- arbeide i tråd med berekraftige og miljømessige prinsipp og reflektere over konsekvensar av støveksponering og bruk av kjemikalium
- velje og bruke verne- og smittevernustyr for arbeidsoppgåva og vurdere konsekvensane ved feilbruk
- gjere greie for ulike overflatemateriale og vurdere korleis reinhaldsmetodar og reinhaldsmiddel påverkar overflatene
- velje og bruke maskiner, utstyr og metodar etter reinhaldsbehov og vurdere dette opp mot kostnadseffektivitet, tidsbruk og miljøbelastning
- utarbeide reinhaldsplanar, arbeidsplanar og arbeidsbeskrivingar og reflektere over val av frekvens, kvalitet og metode
- bruke fagterminologi for å kommunisere med kollegaer og andre yrkesutøvarar og drøfte ulike løysingar som bidreg til å minimere miljøavtrykket og sikre ei effektiv ressursutnytting
- vurdere smitterisiko, arbeide i samsvar med gjeldande regelverk for smittevern og gjere greie for smittespreiing og korleis smittekjeder kan brytast
- utføre regelmessig og periodisk reinhald av ulike overflater på inventar, vegger, golv og himlingar i kjende og ukjende situasjonar, i tråd med kvalitetskrav og sikre innemiljøet
- utføre reinhald i ulike fasar av byggjeperioden etter gjeldande regelverk og vurdere korleis dei ulike fasane påverkar valet av reinhaldsutstyr og arbeidsmetodar
- identifisere ulike typar smuss, gjere greie for og bruke ulike kjemikalium for å fjerne smuss og utføre reinhald
- gjere greie for ulike typar fasadereinhald
- utføre grunnleggjande førstehjelp

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i reinhaldsoperatørfaget når dei bruker kunnskapar, evner og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren og lærlingane skal vere i dialog om utviklinga til lærlingane i reinhaldsoperatørfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og til å reflektere over si eiga faglege utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og

tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før fagprøva i reinhaldsoperatørfaget må alle ha bestått ein skriftleg eksamen som er laga ut frå læreplanen i lærefaget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingsdel.

Opplæringa i reinhaldsoperatørfaget skal avsluttast med ein fagprøve. Alle skal opp til fagprøven, som skal gjennomførast over minst tre yrkedagar.